


Nordhordland industriservice as

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP

2014

INNHOLDSFORTEGNELSE

# Innhold


Verksemda i 2014 ... 1

Dei fast tilsette 2014 ... 2

Styret og styret sitt arbeid ... 3

Generalforsamlinga 2014 ... 5

Attføringsmeldinga 2014 ... 6

Budsjett 2015 ... 11

Styret 2014 ... 14

Vedlegg:

Rekneskap

Vedtekter

# Verksemda i 2014

Nordhordland Industriservice a.s (NIS) er ei arbeidsmarknadsbedrift som har som hovudoppgåve attføring av yrkeshemma. Selskapet har kontor i eige bygg på Olsvollstranda i Radøy kommune der verksemda knytt til mekanisk produksjon er lokalisert, og avdelinga Back to Business i Eidsvåg, der det vert gjennomført avklaringstiltak.

Den økonomiske situasjonen i 2014 har, som dei føregåande år, vore krevjande. Administrasjonen har arbeidd med ulike løysingar for å betra situasjonen, men så langt har ein ikkje klart å få gjennomførd viktige endringar. Dette skuldast både verksemda sin økonomiske situasjon samt det å halde oppe den daglege drifta i hektiske tider. To fast tilsette knytt til Olsvollstranda måtte grunna den økonomiske stoda seiast opp i 2014.

NIS har sidan 2009 levert raude tal i rekneskapen som eit resultat av sviktande etterspurnad og lågare marginar på produkta frå verkstaden. Avdeling Back to Business har i same periode levert resultat i pluss, men totalt har NIS tapt pengar og tært på eigenkapitalen i desse åra. Ved utarbeiding av budsjett for 2015 har det kome tydeleg fram at det er store utfordringar og usikkerheit med å få eit budsjett i balanse. For verkstaden er utfordringane knytt til usikkerheit rundt etterspurnad av maskinerte delar, og det er store investeringsbehov framover som gjeld vedlikehald av bygg og maskiner, sertifiseringer, innovasjon og produktutvikling, samt kostnadar med å utvikle sal og marknadsføring og rett prising av produkt. Verkstaden er også avhengig av å få fylt tiltaksplassar i APS og avklaringstiltak frå NAV. Det har vist seg vanskeleg å få fylt desse plassane. I løpet av hausten 2014 har det vore eit betydeleg nedtrekk i tiltaksplassar som har verknad frå 01.04.2015. Dette har fått konsekvensar for begge avdelingane. Avdeling Back to Business har grunna nedtrekk i tiltaksplassar fått redusert inntektene betydeleg, men dette kompenserast med stor innsøking i anbodet, som vi har fram til 30.05.2015 med opsjon om eitt år til. Det har ved avdelinga vore stor aktivitet, noko som medarbeidarane har gjennomførd på ein svært god måte.

Etterspurnaden etter maskinerte artiklar sank merkbart i 2009, og omsetninga er framleis låg samanlikna med åra før dette. Resultatet i verkstaden er betre enn året før, men har på ingen måte kome opp på nivået før 2009. Generelt har det vore vakante tiltaksplassar i verkstaden, noko organisasjonen har jobba systematisk med å få fylle opp, då det er trong for fagarbeidarar i CNC-faget i næringslivet i Hordaland. Det har likevel vist seg å være vanskeleg å fylle opp tiltaksplassane i verkstaden. Dette gjeld ikkje berre spesielt for NIS, men ein har sett ein generell nedgang i talet på plasser i tiltaka KIA og TIA for heile Hordaland.

Selskapet og attføringsbransjen står ovanfor store endringar i premissar for drift i 2015. Dette gjeld både anbodsutsetting av dei ikkje skjerma tiltaka samt endringar i dei skjerma tiltaka. Grunna stoda til selskapet blei det hausten 2014 kalla inn til ekstraordinær generalforsamling. Det blei her gitt tydelege signal om at NIS må omstillast slik at ein i langt større grad har ein produksjon som er tilpassa krava frå NAV og den øvrige marknaden. Det blei også gitt klåre signal om samarbeid med andre aktørar i Nordhordland. NIS starta difor samtalar om samarbeid med Meland Arbeids og Kompetansesenter (MAKS) hausten 2014.

Dagleg leiar Arve Vange sa opp stillinga si med verknad frå 01.01.2015. Til trass for enno eit leiarskifte samt utfordrande tider, ser ein framleis grunnlag for drift av selskapet er til stades, og det er med godt mot vi har gått inn i 2015.

## DEI FAST TILSETTE I 2014 HAR VORE:

| | | |
|---|---|---|
| Arve Vange | Dagleg leiar | |
| Terje Crowo | Avdelingsleiar BtB | t.o.m. 30.09.14 |
| | Prosjektleiar strategi | f.o.m. 01.10.14 |
| Lars Frøystein | konst.avdelingsleder verksted | |
| Vibeke Valestrand | drift – og attføringsleder Ollsvollstranda | |
| Leif Indrevær | arbeidsleiar | |
| Inge Kvamme | arbeidsleiar | |
| Trond Abelsen | instruktør | |
| Rune Myhr | instruktør/tiltaksansvarlig | |
| Åge Torgilstveit | instruktør | |
| Rita Johansen | reinhald/kantine | |
| Bjørn Dale | produksjonsarbeidar | |
| Tore Sæle | produksjonsarbeidar | |
| Bjørn Tore Sivertsen | produksjonsarbeidar | |
| Tryggve Gran | instruktør | |
| Nina Jørdre Stene | instruktør | f.o.m. 03.02.14 |
| Ruben Lokøy | instruktør | |
| Catherine Savides | instruktør | |
| Elise Gundersen | instruktør | |
| Charlotte Lilleheil | instruktør | |
| Hilde Torvanger | instruktør | |
| Therese Raa | instruktør | |
| Christian Ottesen | instruktør | |

# STYRET OG STYRET SITT ARBEID

**Etter val på generalforsamlinga 2014 er samansetjinga av styret slik:**

Morgan Taule Styreleiar

Eldbjørg Valle Nestleiar

Nina Bognøy Styremedlem

Ragnar Bratland Styremedlem

Svein Arne Dale Styremedlem

Helge Dyrkolbotn Styremedlem

Solveig Lerøy Styremedlem

I 2014 har det vore gjennomført 5 ordinære styremøte, og det er handsama 15 saker. Møta har i stor grad vore knytt til to store områder: Drift av avdelinga på Olsvollstranda, og omstilling av NIS for å kunne tilpasse drifta i høve til krav frå NAV. Fokus til styret i denne perioden har vore å snu den økonomiske utviklinga for selskapet, og samstundes vidareutvikle selskapet sin profil for å kunna møte nye krav. Selskapet har no klart å stoppe den negative økonomiske utviklinga, og ein har starta arbeidet med å finne ein ny plattform for å kunna møte framtida. Fokus har vore å utvikle nye tiltak, og ikkje minst sjå på mogleg samarbeide med andre liknande verksemder i Nordhordland. Ein starta samtalar med MAKS i Meland kommune hausten 2014, noko ein vil arbeide vidare med i 2015. Dagleg leiar sa opp stillinga si med verknad frå 01.01.2015.

**ARBEIDSMILJØ**

Arbeidsmiljøet i Nordhordland Industriservice as har vore prega av at ein har hatt utfordringar i høve til den økonomiske utviklinga av selskapet. Dagleg leiar, som byrja hausten 2013, har saman med dei tilsette arbeida målretta med å snu utviklinga i selskapet. Styret opplever at ein i heile organisasjonen har lik forståing av at dette er eit arbeid som ikkje er sluttført. Styret har diverre funne det naudsynt å be dagleg leiar om å redusere talet tilsette i verkstaden. Dette arbeidet vart påbegynt i 2014, og vil verte fylgt opp i 2015. At dagleg leiar valde å seie opp stillinga si hausten 2014 har ført til at dette arbeidet diverre har stoppa noko opp.

**LIKESTILLING**

Bedrifta har ved utgangen av året 22 faste tilsette. 14 menn og 8 kvinner.

Styret har vore samansett av 4 menn og 3 kvinner. Styret har ut frå ei vurdering av storleiken på verksemda, tal tilsette og stillingsstorleikar ikkje funne det naudsynt å setje i verk spesielle tiltak med omsyn til likestilling.

**ØKONOMI - REKNESKAP**

Årets resultat er dette året eit underskot på kr 84 501.- Eigenkapitalen er no kr 10 939 327.- noko som ein mindre reduksjon i høve til årsrekneskapen 2013. Som følgje av den økonomiske situasjonen for selskapet, og signal frå NAV om auka bruk av anbod m.v., fann styret det naudsynt å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling 27.11.2014. Der vart det vedteke at ein om naudsynt kunne selje Olsvollstranda, men enda viktigare vedtak om å starte forhandlingar med andre attføringsverksemder i regionen med tanke på fusjonering. Dette arbeidet vart påbyrja hausten 2014, og vil halde fram i 2015.

Føresetnaden for framhald av drifta er til stades, og årsrekneskapen for 2014 er sett opp med denne føresetnaden. Etter styret si meining syner framlagt resultatrekneskap og balanse, med tilhøyrande noter, eit rett bilete av resultatet for 2014

Olsvollstranda 26. mai 2015

Morgan Taule
styreleiar

Eldbjørg Valle
nestleiar

Helge Dyrkolbotn
styremedlem

Svein Arne Dale
styremedlem

Solveig Lerøy
styremedlem

Nina Bognøy
styremedlem

Ragnar Bratland
styremedlem

# Generalforsamlinga 2014

Generalforsamlinga 2014 blei halde på Nordhordland Industriservice AS, Olsvollstranda. Av 13 aksjeeigarar var 7 til stades. Desse representerte 78,67 % av aksjekapitalen.

Til stades frå styret: Morgan Taule, Eldbjørg Valle og Helge Dyrkolbotn.

Frå administrasjonen: Arve Vange

## VAL

Generalforsamlinga valde som styreleiar for 2 år: Morgan Taule.

Generalforsamlinga valde som nestleiar for 2 år: Eldbjørg Valle

Generalforsamlinga valde som styremedlemmer for 2 år: Svein Arne Dale og Helge Dyrkolbotn.

Valnemnd: Mona Haugland Hellesnes, John Bauge og May Eva Sandvik

## ORIENTERINGAR

Budsjett og planar for 2014 blei lagt fram og drøfta.

# Attføringsmeldinga 2014

Nordhordland Industriservice AS har i mange år levert raude tal i rekneskapen som eit resultat av sviktande etterspurnad og lågare marginar på produkta frå verkstaden på Olsvollstranda. Avdeling Back to Business har i desse åra (frå 2009) levert resultat i pluss, men totalt har selskapet tapt pengar og tært på eigenkapitalen desse åra.

I så måte var 2014 nok eitt utfordrande år for selskapet. Ein merkar framleis utfordringar med omsyn til den nye betalingsordninga for tiltaka i skjerma verksemd som vart innført i 2012. Innsøkingsrutinane hjå NAV Hordaland gjer også at vi ikkje har klart å fylle opp tiltaka med omsyn til dei rammene vi har. Dei største utfordringane er likevel knytt til nedtrekk i tiltaksplassar og omstillingar verksemda må gjennom med omsyn til anbodsutsetting av tiltak i 2015 og intern omorganisering for å kunne stette dei krava NAV set til verksemda som tiltaksarrangør.

I samband med gjennomgangen NAV Hordaland har hatt med alle tiltaksarrangørar i fylket, blei det klart at også NIS fekk eit nedtrekk i talet på tiltaksplassar i dei skjerma tiltaka. Det blei også påpekt frå NAV si side at NIS har eit for lågt formidlingstal frå skjerma tiltak til ordinært arbeid.

| **NIS før gjennomgang frå NAV** | **NIS etter gjennomgang frå NAV** |
|---|---|
| 35 plassar Avklaring skjerma | 5 plassar Avklaring skjerma |
| 28 plassar APS | 10 plassar APS |
| 12 AB | 24 AB |

Avklaring skjerma og APS skal vere knytt til verkstaden på Olsvollstranda, dvs. at vi ikkje lengre kan bruke eksterne arbeidsgivarar for arbeidspraksis. Dette nedtrekket er kostnadsrekna til eit inntektstap på 6,7 millionar frå 01.04.2015.

NAV ga samstundes NIS melding om at ein kan få nokon av plassane tilbakeført, men då må verksemda utvikle nye tiltaks- og forretningsidear.

Som ein verknad av nedtrekket i det skjerma tilbodet, blei det hausten 2014 auka etterspurnad i anbodet (avklaring ordinær og raskare tilbake). Dette sikra selskapet verdifull omsetting, og det er anbodet som har gjort at vi har klart å få positive tal for avdeling BtB.

Verkstaden på Olsvollstranda har også i 2014 hatt vanskar med å fylle opp tiltaka som nyttast inn mot den mekaniske produksjonen. NAV-kontora i Nordhordland nyttar i liten grad tiltaksplassane ved verkstaden, men det har vore innsøkingar frå NAV-kontor i Bergen. Sjølv om dei som vert søkt inn i APS i utgangspunktet har eit ynskje om opplæring i mekaniske fag, vert det vanskar ved eventuell overgang til tiltaket KIA då kombinasjonen reiseveg og plassering av bedrifta på kartet er utfordrande for dei som ikkje kjører eigen bil. Det at vi ikkje får fylt opp tiltaksplassane gjer at vi heile tida har ledige plassar i

APS og KIA. Varierande ordretilgang og utfordringar knytt til å ferdigstilla ordrar, gir verkstaden liten forutsigbarheit på inntektssida.

Verksemda har i løpet av 2014 formidla totalt 79 personar til arbeid eller utdanning, som er ein auke på 23 formidlingar i forhold til 2013.

Det har i 2014 ikkje vore gjennomført fagprøver i kvalifiseringstiltaket eller blant våre ordinære lærlingar. Dette har å gjere med at alle har lærekontraktar som varer lengre enn 2014. I løpet av 2014 er det skrive to nye lærekontraktar med ordinære lærlingar, og vi har også tatt inn ein elev gjennom TAF-ordninga som skal skrive lærekontrakt i 2016. Det blei skrive ein ny lærekontrakt med kandidat i KIA-tiltaket i 2014, og det er også skrive ein opplæringskontrakt med tanke på kompetanseprøve.

Nordhordland Industriservice AS har hatt inne totalt 789 personar på ulike tiltak i løpet av 2014. Dette er ei auke på 136 personar samanlikna med fjoråret.

Vidare følgjer nærare presentasjonar av dei ulike tiltaka.

***Avklaring i Skjerma Verksemd:***

Avklaringstiltaket skal gje kvar deltakar ein realistisk handlingsplan i attføringsløpet, basert på interesser, erfaringar, og eigen helsemessige situasjon. Deltakarane må gjennom både ein kartleggingsdel og ein praksisdel, og lengda kan vera opptil 12 veker. Deltakarar i dette tiltaket vert no enten søkt inn til kursavdelinga i Eidsvåg, eller til Olsvollstranda.

Nordhordland Industriservice AS hadde i løpet av 2014 inne totalt 143 personer som utgjer 200,82 månadsverk i *Avklaring i Skjerma Verksemd.* Dette er ein nedgang på 176,25 månadsverk frå 2013, noko som i hovudsak skuldast nedtrekk av tiltaksplassar i løpet av året. I følgje NAV har behovet for slike tiltaksplassar også vorte redusert i vår region siste året.

**Månedsverk i Avklaring i Skjerma Verksemd fordelt på kommunar:**

| Kommune | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|
| *Austrheim* | *0,10* | *2,89* | |
| *Askøy* | *15,44* | *13,96* | *11,99* |
| *Bergen* | *350,26* | *286,90* | *124,43* |
| *Fedje* | *0,48* | *0* | |
| *Fjell* | *2,03* | *11,94* | *16,22* |
| *Lindås* | *23,45* | *19,15* | *17,80* |
| *Masfjorden* | | | *1,37* |
| *Meland* | *16,14* | *2,13* | *2,03* |
| *Os* | *5,52* | *3,72* | |
| *Osterøy* | *1,83* | *4,34* | *5,33* |
| *Radøy* | *19,23* | *25,87* | *15,29* |

| | | | |
|---|---|---|---|
| *Vaksdal* | *0* | *3,27* | *5,98* |
| *Øygarden* | *0* | *2,90* | *0,39* |

***APS (Arbeidspraksis i skjerma verksemd).***

*APS* er eit tiltak for dei som treng å styrke utsiktene sine til å koma i arbeid eller utdanning. Tiltaket vert ofte nytta for å vurdere kva arbeidsevne ein person har, og Nordhordland Industriservice AS har i 2014 hatt APS-deltakarar i arbeidspraksis internt på Olsvollstranda og i Eidsvåg, og i eksterne bedrifter. I løpet av tiltaksperioden skal det jamnleg vurderast om det er utvikling i saka, og dersom deltakar er ferdig avklart, skal tiltaket avsluttast. Varigheita i tiltaket er som regel 6-12 månader, men dersom det er hensiktsmessig kan tiltaket forlengast med ytterligare 6-12 månader.

Nordhordland Industriservice AS hadde i løpet av 2014 inne totalt 39 personar, som utgjer 142,09 månadsverk i *APS-tiltaket*. Dette er ein nedgang på 120,68 månadsverk frå 2013 som også her skuldast i stor grad det tidlegare nemnde nedtrekket av tiltaksplassar, samt behovet i regionen.

**Månedsverk i APS fordelt på kommuner:**

| Kommune | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|
| *Askøy* | *11,29* | *9,84* | *3,47* |
| *Austrheim* | | | *3,63* |
| *Bergen* | *252,74* | *208,56* | *107,41* |
| *Lindås* | *11,04* | *34,14* | *12,29* |
| *Meland* | *5,03* | *0,65* | |
| *Fjell* | *0* | *2,00* | *2,06* |
| *Radøy* | *13,94* | *0* | *13,22* |
| *Fedje* | *4,55* | *7,58* | |

***Kvalifisering i AMB (KIA):***

*Kvalifisering i AMB* er eit tiltak som skal gje deltakarar ein høgare reell og formell kompetanse, gjennom tilrettelagt opplæring og arbeidstrening. Ein deltakar med dei rette personlege forutsetningane kan i dette tiltaket til dømes få tilbod om å ta fagbrev som CNC-operatør i den mekaniske verkstaden v/Olsvollstranda.

I 2013 hadde Nordhordland Industriservice AS totalt inne 5 personar som utgjer 56,85 månadsverk i dette tiltaket. I løpet av 2013 hadde me 50,84 månadsverk som utgjer ein nedgang på 6,01 månadsverk.

**Månedsverk i Kvalifisering fordelt på kommuner:**

| Kommune | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|
| *Osterøy* | *12,00* | *12,00* | *12,00* |
| *Bergen* | *7,7* | *2,19* | *10,68* |
| *Lindås* | *6,43* | *6,23* | *3,20* |
| *Fedje* | *0* | *4,42* | *12,00* |
| *Radøy* | *15,39* | *26,00* | *18,97* |

***Tilrettelagt arbeid i AMB (TIA):***

*Tilrettelagt arbeid i AMB* er eit tiltak for dei som har små moglegheiter for arbeid i det ordinære arbeidsliv. Formidling til eit ordinært arbeid skal likevel vurderast jamnleg.

I løpet av 2014 var det 8 personar som utgjer 84 månadsverk inne i tiltaket. Dette er eit stabilt og langvarig tiltak og det er ikkje store endringar frå år til år.

**Månedsverk i Tilrettelagt fordelt på kommuner:**

| Kommune | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|
| *Bergen* | *8,00* | *22,39* | *24,00* |
| *Meland* | *11,48* | *0* | |
| *Radøy* | *12,00* | *12,00* | |
| *Lindås* | *48,00* | *48,00* | *60,00* |
| *Austrheim* | *12,00* | *0,35* | |

***Arbeid med Bistand (AB):***

*Arbeid med Bistand* er eit tiltak som starta opp hausten 2008. Personar i tiltaket skal få hjelp til å få eller behalde eit arbeid i det ordinære arbeidsliv. Lengda vert tilpassa deltakaren sitt individuelle behov, men maksimal tid er inntil 3 år.

I løpet av 2014 var det 29 personar, som utgjer 148,25 månadsverk, inne i tiltaket. Den nye betalingsordninga er enno ikkje gjort gjeldande for dette tiltaket, og me får betalt for dei tildelte plassane uansett. Finansieringa til dette tiltaket er vesentleg dårlegare enn til dømes APS og Avklaring skjerma verksemd. Det var 10 personar som slutta i AB, av desse vart 1 formidla til ordinært arbeid. Dette utgjer ein formidlingsprosent på 10 %. Her har ein gjort grep for å auke fokus på formidling, då formidlingskravet i tiltaket er på 60 %.

**Månedsverk i Arbeid med bistand fordelt på kommuner:**

| Kommune | 2012 | 2013 | 2014 |
|---|---|---|---|
| *Askøy* | | | *0,77* |
| *Bergen* | *113,95* | *82,55* | *109,06* |
| *Osterøy* | *0* | *8,30* | *9,68* |
| *Radøy* | *0* | *4,88* | |
| *Lindås* | *0* | *6,47* | *14,52* |
| *Masfjorden* | | | *2,10* |
| *Meland* | | | *0,52* |
| *Os* | | | *0,48* |
| *Samnanger* | | | *8,81* |
| *Øygarden* | | | *2,32* |

**Nordhordland Industriservice AS vil med dette takka alle medarbeidarar for ein svært god innsats i 2014**

**Olsvollstranda, 27.05.2015**

# *Budsjett 2015 Nordhordland Industriservice AS*

| | Budsjett 2015 |
|---|---|
| 3010 Salgsinntekter, 25% mva | 4 500 000 |
| Salgsinnt., avg. pliktige | 4 500 000 |
| 3110 Salgsinntekter, avg.frie | 70 000 |
| Salgsinnt., avgiftsfrie | 70 000 |
| 3240 Salg kantine avg.fritt | 115 000 |
| Salgsinnt., utenfor avg.omr | 115 000 |
| 3400 Tilskudd for lærlinger | 95 000 |
| 3410 Tilskudd Arbeid med Bistand | 2 116 440 |
| 3420 Tilskudd Avklaring i skjermet | 736 718 |
| 3430 Tilskudd AMB - KIA | 1 200 000 |
| 3440 Tilskudd AMB - TIA | 1 200 700 |
| 3450 Tilskudd APS | 1 424 185 |
| 3460 Tilskudd Avklaring Anbud | 9 504 000 |
| Off. tilskudd/ refusjoner | 16 277 043 |
| Driftsinntekter | 20 962 043 |
| 4010 Varekjøp avg.pl. 25% | -1 680 000 |
| 4080 Emballasje | -52 000 |
| Forbruk av råvarer/ halvfab | -1 732 000 |
| 4300 Varekjøp kantine | -85 000 |
| Varer for videresalg | -85 000 |
| 4510 Leid hjelp | -51 000 |
| Fremmedytelser og underentr | -51 000 |
| Vareforbruk | -1 868 000 |
| **Bruttofortjeneste** | **19 094 043** |
| 5000 Fast lønn | -8 389 210 |
| 5010 Timelønn | -2 629 000 |
| 5090 Feriepenger | -1 322 479 |
| Lønn til ansatte | -12 340 689 |
| 5252 Koll. ulykkesforsikring | -14 226 |
| 5281 Reiseforsikring ansatte | -1 677 |
| Fordeler i arb. forhold | -15 904 |
| 5330 Styrehonorar | -120 000 |
| Andre godtgjørelser oppgpl. | -120 000 |
| 5400 Arbeidsgiveravgift | -1 897 747 |
| 5515 Innskuddspensjon | -748 725 |
| 5520 Opplysn./sluttvederlagsordn. | -26 820 |
| 5521 Avtalefestet pensjon | -233 124 |
| Arbeidsgiveravgift og pensj | -2 906 416 |
| 5510 Bedriftshelsetjeneste | -23 248 |
| Andre kostnadsgodgjørelser | -23 248 |
| 5920 Yrkesskadeforsikring | -61 590 |
| 5990 Etter- og videreutd.fond | -16 721 |
| 5991 Annen personalkostnad | -120 000 |
| Andre personalkostnader | -198 311 |

| *Budsjett 2015 Nordhordland Industriservice AS* | *Budsjett 2015* |
|---|---|
| Lønnskostnad | -15 604 567 |
| 6011 Avskrivinger | -786 000 |
| Av- og nedskrivinger | -786 000 |
| 6100 Frakter ved salg | -15 000 |
| Frakt og transport v/ salg | -15 000 |
| 6310 Leie av lokaler | -704 000 |
| 6311 Leie av parkering | -15 960 |
| 6320 Renovasjon, vann ol. | -49 000 |
| 6340 Lys, varme | -328 000 |
| 6360 Renhold | -272 300 |
| 6391 Felleskost. senterforrening | -58 000 |
| 6399 Alarmabonnement | -3 293 |
| Kostnad lokaler | -1 430 553 |
| 6415 Leie frankeringsmaskin | -6 756 |
| 6430 Leie andre kontormaskiner | -10 000 |
| Leie maskiner, inventar mv. | -16 756 |
| 6500 Verktøy/utstyr | -580 000 |
| 6540 Inventar/utstyr | -22 000 |
| 6551 Data | -491 000 |
| 6553 Programvare vedlikehold | -111 689 |
| 6570 Arbeidsklær og verneutstyr | -45 000 |
| Verktøy, inventar, driftsm. | -1 249 689 |
| 6600 Reparsjon og vedl. bygninger | -17 000 |
| 6620 Reparasjon og vedl. utstyr | -151 000 |
| Reparasjon og vedlikehold | -168 000 |
| 6700 Revisjonshonorar | -63 860 |
| 6705 Regnskapshonorar | -280 000 |
| 6710 Konsulentarbeid | -10 000 |
| 6720 Honorar økonom-/jurdidisk | -50 000 |
| 6730 Kvalitetssikring | -16 000 |
| Fremmede tjenester | -419 860 |
| 6800 Kontorrekvisita | -102 000 |
| 6820 Kopimaskin sort/fargekopier | -74 000 |
| 6830 Datakort, tester mm | -23 046 |
| 6840 Aviser, tidsskrifter,bøker ol | -12 119 |
| 6860 Møte, kurs, oppdatering ol | -250 000 |
| 6870 Lærling,TAF/litt utstyr/opplær | -2 000 |
| Kontorrekvisita | -463 165 |
| 6900 Telefon/Internett/Breibånd | -74 000 |
| 6905 Mobiltelefon | -82 100 |
| 6940 Porto | -22 000 |
| Telefon og porto | -178 100 |
| 7000 Drivstoff | -15 000 |
| 7020 Vedliekhold SU54321 | -10 000 |
| 7040 Forsikring/Årsavgift | -9 023 |
| Kostnad transportmidler | -34 023 |
| 7100 Bilgodtgj.oppgavepliktig | -176 000 |
| 7101 Passasjertillegg | -3 000 |

*Nordhordland Industriservice AS* *Side 2* *AB Økonomiservice AS Skrevet ut: 20.04.2015*

| *Budsjett 2015 Nordhordland Industriservice AS* | | *Budsjett 2015* |
|---|---|---|
| | 7140 Reisekostnad, ikke oppg.pl. | -58 500 |
| | 7141 Parkering, bom | -45 000 |
| Reise/ diett | | -282 500 |
| | 7310 Annonsekostnader | -25 000 |
| | 7320 Reklamekostnad | -80 000 |
| | 7321 Markedsføring Knarvik Senter | -18 800 |
| Salg, reklame og repr. | | -123 800 |
| | 7400 Kontingent, fradragsber. | -86 286 |
| Kontingenter og gaver | | -86 286 |
| | 7500 Forsikringspremie | -43 067 |
| | 7550 Servicekostnad | -15 162 |
| Forsikringer, garantikostn. | | -58 229 |
| | 7750 Eiendomsskatt | -34 747 |
| | 7770 Bank og kortgebyr | -6 000 |
| | 7790 Annen kostnad | -25 000 |
| Andre kostnader | | -65 747 |
| Andre driftskostnader mv. | | -5 377 709 |
| **Driftsresultat** | | **-1 888 233** |
| | 8050 Annen renteinntekt | 60 000 |
| Finansinntekter | | 60 000 |
| Finans og EO | | 60 000 |
| **Resultat e. Finans** | | **-1 828 233** |

*Nordhordland Industriservice AS* *Side 3* *AB Økonomiservice AS Skrevet ut: 20.04.2015*

# Styret i Nordhordland Industriservice a.s. 2014

| | | | |
|---|---|---|---|
| Morgan Taule<br>5938 Sæbøvågen | Styreleiar | 411 05 336 | |
| Eldbjørg Valle<br>5912 Seim | Nestleiar | 991 60 109 | |
| Helge Dyrkolbotn<br>5943 Austrheim | Styremedlem | 482 13 051 | 56 16 20 00 Austrheim Kommune |
| Nina Bognøy<br>5911 Alversund | Styremedlem | 476 53 705 | 56 35 29 96 |
| Ragnar Bratland | Styremedlem | 412 09 691 | |
| Svein Arne Dale<br>5918 Frekhaug | Styremedlem | 930 17 934 | 55 99 94 00 Frank Mohn, avd. Flatøy |
| Solveig Lerøy<br>5943 Austrheim | Styremedlem | 952 13 012 | 56 16 75 05 |

Helge Frosta revisor 920 96 208 55 90 72 86

Helge Frosta AS, Postboks 118 Sentrum, 5804 Bergen

# Årsoppgjør 2014
# for

# Nordhordland Industriservice AS

**Foretaksnr. 929200764**

# Resultatregnskap

| | Note | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| **Driftsinntekter** | | | |
| Inntekter | 1,2 | 8 081 027 | 17 661 369 |
| Annen driftsinntekt | | 14 866 509 | 2 432 332 |
| **Sum driftsinntekter** | | **22 947 536** | **20 093 700** |
| **Driftskostnader** | | | |
| Varekostnad | | 1 808 756 | 1 284 489 |
| Lønnskostnad | 3 | 16 392 163 | 16 076 250 |
| Avskrivning på varige driftsmidler | 4 | 706 011 | 763 805 |
| Annen driftskostnad | 3 | 4 220 938 | 3 978 859 |
| **Sum driftskostnader** | | **23 127 868** | **22 103 403** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **(180 333)** | **(2 009 703)** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| **Finansinntekter** | | | |
| Annen renteinntekt | | 96 747 | 127 298 |
| **Sum finansinntekter** | | **96 747** | **127 298** |
| **Finanskostnader** | | | |
| Annen rentekostnad | | 915 | 112 |
| **Sum finanskostnader** | | **915** | **112** |
| **NETTO FINANSPOSTER** | | **95 832** | **127 186** |
| **ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD** | | **(84 501)** | **(1 882 516)** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | | 0 | 0 |
| **ORDINÆRT RESULTAT** | | **(84 501)** | **(1 882 516)** |
| **ÅRSRESULTAT** | | **(84 501)** | **(1 882 516)** |
| **OVERFØRINGER OG DISPONERINGER** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | | (84 501) | (1 882 516) |
| **SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER** | | **(84 501)** | **(1 882 516)** |

# Balanse pr. 31.12.2014

| | Note | 31.12.2014 | 31.12.2013 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | 4 | 3 340 422 | 3 486 222 |
| Maskiner og anlegg | 4 | 40 385 | 67 317 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | 4 | 1 754 201 | 2 083 830 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **5 135 008** | **5 637 370** |
| **SUM ANLEGGSMIDLER** | | **5 135 008** | **5 637 370** |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| Varer | 5 | 810 169 | 773 883 |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 6 | 2 214 121 | 2 087 379 |
| Andre fordringer | | 238 333 | 80 412 |
| **Sum fordringer** | | **2 452 454** | **2 167 791** |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | 5 753 061 | 5 608 934 |
| **SUM OMLØPSMIDLER** | | **9 015 684** | **8 550 608** |
| **SUM EIENDELER** | | **14 150 693** | **14 187 978** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 7 | 565 000 | 565 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **565 000** | **565 000** |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | | 10 374 327 | 10 458 829 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **10 374 327** | **10 458 829** |
| **SUM EGENKAPITAL** | | **10 939 327** | **11 023 829** |
| **GJELD** | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 556 873 | 508 833 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 1 147 458 | 1 260 222 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 1 507 035 | 1 395 094 |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **3 211 365** | **3 164 150** |
| **SUM GJELD** | | **3 211 365** | **3 164 150** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **14 150 693** | **14 187 978** |

# Balanse pr. 31.12.2014

| | Note | 31.12.2014 | 31.12.2013 |
|---|---|---|---|

Olsvollstranda, 20.5.2015

| | | |
|---|---|---|
| Morgan Taule<br>Styreleder | Eldbjørg Valle<br>Nestleder | Ragnar Bratland<br>Styremedlem |
| Helge Dyrkolbotn<br>Styremedlem | Nina Bognøy<br>Styremedlem | Svein Arne Dale<br>Styremedlem |
| Solveig Helleland Lerøy<br>Styremedlem | Vibeke Prestmo Valestrand<br>Daglig leder | |

# Noter 2014

## Note 1 - Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskaps Stiftelse.

De regnskapsprinsipper som er gjengitt i regnskapslovens kap. 4 om grunnleggende prinsipper og god regnskapsskikk og kap. 5 om vurderingsregler er ikke gjengitt i denne innledende noten om regnskapsprinsipper dersom det ikke foreligger forhold ved regnskapsposten eller prinsippene og vurderingsreglene som fordrer en presisering (valgadgang mv).

Unntaksreglene i regnskapsloven for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt spesielt.

Selskapet driver ikke skattepliktig virksomhet. Det er derfor ikke beregnet skattekostnad, betalt skatt og utsatt skatt.

## Note 2 - Annen driftsinntekt

Inntekter består av:

| Tekst/År: | **I fjor** | **I år** |
|---|---|---|
| Salg, utleie, kurs | 6 157 390 | 7 800 211 |
| Attføringstilskudd | 13 575 406 | 14 866 509 |
| Kantine, lærlinger, leieinntekter mm | 360 904 | 280 816 |
| *Sum* | ***20 093 700*** | ***22 947 536*** |

## Note 3 - Lønnskostnad

| | **I år** | **I fjor** |
|---|---|---|
| Lønn | 13 374 160 | 13 104 645 |
| Arbeidsgiveravgift | 1 939 509 | 1 931 254 |
| Pensjonskostnader | 427 713 | 432 700 |
| Andre lønnsrelaterte ytelser | 650 781 | 607 651 |
| **Totalt** | ***16 392 163*** | ***16 076 250*** |

Refusjon sykelønn utgjør kr 49 833.

# Noter 2014

Utbetalinger til ledende ansatte og revisor:

Lønn og annen godtgjørelse til daglig leder er utbetalt med kr 712 261.

| | |
|---|---|
| Styremedlemmer | 120 000 |

| | |
|---|---|
| Tall på ansatte , inkl tiltaksplasser: | 40 |
| Fast ansatte | 21 |

Selskapet har to pensjonsordninger:

Ytelsesbasert ordning i Vital for de ansatte (10 medlemmer). De ansatte betaler ikke egenandel.

Det ble i 2010 også etablert en innskuddsbasert ordning (OTP) for de yrkeshemmede og øvrige ansatte. Avtalen har virkning tilbake til 2006.

Det er ikke foretatt aktuarberegning og foretas ingen avsetning i regnskapet (balanseføring) av pensjonsmidler/forpliktelser. Premiebetaling kostnadsføres løpende.

Revisjonshonorar er kostnadsført med kr 62 000, herav øvrige tjenesterutgjør kr 24 000.

# Noter 2014

## Note 4 - Avskrivning på varige driftsmidler

| | Tomter, bygninger og annen fast eiendom | Maskiner og anlegg | Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost pr. 1/1 | 7 286 250 | 234 439 | 10 375 951 | 17 896 640 |
| + Tilgang | 0 | 0 | 203 650 | 203 650 |
| - Avgang | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Anskaffelseskost pr. 31/12 | 7 286 250 | 234 439 | 10 579 601 | 18 100 290 |
| Akk. av/nedskr. pr 1/1 | 3 800 030 | 167 122 | 8 292 122 | 12 259 274 |
| + Ordinære avskrivninger | 145 800 | 26 932 | 533 279 | 706 011 |
| + Avskr. på oppskrivning | 0 | 0 | 0 | 0 |
| - Tilbakeført avskrivning | 0 | 0 | 0 | 0 |
| + Ekstraord nedskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Akk. av/nedskr. pr. 31/12 | 3 945 829 | 194 054 | 8 825 401 | 12 965 285 |
| Balanseført verdi pr 31/12 | 3 340 421 | 40 385 | 1 754 201 | 5 135 006 |
| Prosentsats for ord.avskr | 2-2 | 10-20 | 10-33 | |

## Note 5 - Varer

Råvarer er vurdert til kostpris. Varer i arbeid og ferdigvarer er vurdert til salgsverdi, minus 15-20%. Ukurante varer er bokført til virkelig verdi.

## Note 6 - Kundefordringer

Kundefordringer er vurdert til laveste av pålydende og virkelig verdi.

## Note 7 - Selskapskapital

Selskapet sin aksjekapital er på kr 565 000 fordelt på 1 130 aksjer pålydende 500 kr.

Selskapets aksjonærer pr 31.12:

| Navn | Antall aksjer | Prosent |
|---|---|---|
| Lindås kommune | 300 | 26,5% |
| Hordaland fylkeskommune | 200 | 17,7% |
| Radøy kommune | 131 | 11,6% |
| Meland kommune | 105 | 9,3% |
| Sparebanken Vest | 100 | 8,8% |
| Austrheim kommune | 77 | 6,8% |
| Masfjorden kommune | 57 | 5,0% |
| Norsk Hydro | 50 | 4,4% |
| Frank Mohn Flatøy AS | 50 | 4,4% |
| Statiol Mongstad | 30 | 2,7% |
| Fedje kommune | 26 | 2,3% |

# Noter 2014

| | | |
|---|---|---|
| Adv Olav Jordal (døde i 2008) | 2 | 0,2% |
| Nordhordl Handv%Industrilag | 2 | 0,2% |
| Sum | 1 130 | 100,0% |

| Kontonr. | Kontonavn | Inngående | Postering | Saldo 2014 | Saldo 2013 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1100 | Forretningsbygg ( I ) | 3 359 900,12 | -143 023,80 | 3 216 876,32 | 3 359 900,12 |
| 1120 | Bygningsmessige anlegg (H) | 126 321,80 | -2 776,00 | 123 545,80 | 126 321,80 |
| **Bygninger og annen fast eiendom** | | **3 486 221,92** | **-145 799,80** | **3 340 422,12** | **3 486 221,92** |
| 1200 | Maskiner og anlegg (D) | 23 329,67 | -16 468,00 | 6 861,67 | 23 329,67 |
| 1210 | Maskiner og anlegg under utfør. | 0,40 | 0,00 | 0,40 | 0,40 |
| 1220 | Kantine | 24 389,15 | -2 792,33 | 21 596,82 | 8 149,15 |
| 1230 | Personbiler (D) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,40 |
| 1250 | Inventar (D) | 75 512,43 | -22 101,20 | 53 411,23 | 75 512,43 |
| 1260 | Fast byg.inv.annen avskr.tid(D) | 43 987,30 | -10 464,00 | 33 523,30 | 43 987,30 |
| 1270 | Verktøy o.l. (D) | 2 167 191,13 | -493 614,54 | 1 673 576,59 | 1 979 781,13 |
| 1280 | Kontormaskiner (A) | 20 387,28 | -14 771,08 | 5 616,20 | 20 387,28 |
| **Transportmidler, inventar og maskiner** | | **2 354 797,36** | **-560 211,15** | **1 794 586,21** | **2 151 147,76** |
| 1420 | Varer under tilvirkning | 810 168,55 | 0,00 | 810 168,55 | 773 883,00 |
| **Lagerbeholdninger** | | **810 168,55** | **0,00** | **810 168,55** | **773 883,00** |
| 1500 | Kundefordringer | 2 214 121,03 | 0,00 | 2 214 121,03 | 2 087 379,20 |
| 1572 | Lønnsforskudd | -780,00 | 0,00 | -780,00 | 0,00 |
| **Kortsiktige fordringer** | | **2 213 341,03** | **0,00** | **2 213 341,03** | **2 087 379,20** |
| 1700 | Forskuddsbetalt leie | 41 876,25 | 0,00 | 41 876,25 | 6 366,25 |
| 1705 | Forskuddsbetalt andre | 89 072,85 | 0,00 | 89 072,85 | 8 937,09 |
| 1715 | Forskuddsbetalt forsikring | 108 164,27 | 0,00 | 108 164,27 | 65 108,56 |
| **Korts. fordr. med tidsavgr.** | | **239 113,37** | **0,00** | **239 113,37** | **80 411,90** |
| 1930 | Bankinnskudd | 2 616 227,43 | 0,00 | 2 616 227,43 | 3 225 132,43 |
| 1940 | Bankinnskudd | 2 568 836,64 | 0,00 | 2 568 836,64 | 1 792 612,30 |
| 1950 | Bankinnskudd for skattetrekk | 567 997,40 | 0,00 | 567 997,40 | 591 189,40 |
| **Betalingsmidler** | | **5 753 061,47** | **0,00** | **5 753 061,47** | **5 608 934,13** |
| 2000 | Aksjekapital | -565 000,00 | 0,00 | -565 000,00 | -565 000,00 |
| 2050 | Annen egenkapital | -10 458 828,50 | 84 501,12 | -10 374 327,38 | -10 458 828,50 |
| 2080 | Udisponert resultat | -621 509,83 | 621 509,83 | 0,00 | 0,00 |
| **EGENKAPITAL** | | **-11 645 338,33** | **706 010,95** | **-10 939 327,38** | **-11 023 828,50** |
| 2160 | Uopptjent inntekt | -75 900,00 | 0,00 | -75 900,00 | 0,00 |
| **BETINGET SKATTEFRIE AVSETNINGER O.L.** | | **-75 900,00** | **0,00** | **-75 900,00** | **0,00** |
| 2400 | Leverandørgjeld | -556 872,60 | 0,00 | -556 872,60 | 0,00 |
| 2410 | Leverandørgjeld | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -508 833,07 |
| 2600 | Forskuddstrekk | -487 772,71 | 0,00 | -487 772,71 | 0,00 |
| 2610 | Påleggstrekk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -511 568,71 |
| 2650 | Trukket fagforeningskontingent | 534,70 | 0,00 | 534,70 | 610,00 |
| 2690 | Andre trekk | -500,00 | 0,00 | -500,00 | 0,00 |
| 2740 | Oppgjørskonto merverdiavgift | -128 064,13 | 0,00 | -128 064,13 | -136 210,15 |
| 2770 | Skyldig arbeidsgiveravgift | -328 159,91 | 0,00 | -328 159,91 | -373 118,78 |
| 2771 | Pål.arrb.giv.avg.avs. | -203 495,94 | 0,00 | -203 495,94 | 0,00 |
| 2780 | Påløpt arbeidsgiveravgift | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -239 934,40 |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | **-1 704 330,59** | **0,00** | **-1 704 330,59** | **-1 769 055,11** |
| 2940 | Feriepenger AGA, innb.pl | -1 431 134,78 | 0,00 | -1 431 134,78 | -1 393 750,42 |
| 2990 | Annen kortsiktig gjeld | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -1 344,00 |
| **Korts. gjeld med tidsavgr.** | | **-1 431 134,78** | **0,00** | **-1 431 134,78** | **-1 395 094,42** |
| 3010 | Salg egent.varer høy avg.sats | -7 760 419,20 | 0,00 | -7 760 419,20 | -6 076 200,50 |
| 3110 | Salgsinnt. egent.varer avg.fri | -49 792,00 | 0,00 | -49 792,00 | -56 190,00 |
| 3210 | Kurs | 10 000,00 | 0,00 | 10 000,00 | -25 000,00 |
| 3220 | Avklaring (tidl Fase 1) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -4 162 679,48 |
| 3230 | APS | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -3 644 250,16 |
| 3235 | AB | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -659 820,00 |

| *Kontonr.* | *Kontonavn* | *Inngående* | *Postering* | **Saldo 2014** | **Saldo 2013** |
|---|---|---|---|---|---|
| 3236 | AA avklaring anbud | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -2 676 327,00 |
| 3240 | Kantine | -139 656,70 | 0,00 | -139 656,70 | -102 666,00 |
| 3400 | Tilskudd lærlinger | -127 630,00 | 0,00 | -127 630,00 | -255 732,00 |
| 3410 | Tilskudd arbeid med Bis | -910 560,00 | 0,00 | -910 560,00 | 0,00 |
| 3420 | Tilskudd avklaring i sk | -2 608 076,10 | 0,00 | -2 608 076,10 | 0,00 |
| 3430 | Tilskudd KIA (tidl Fase 2) | -1 263 043,10 | 0,00 | -1 263 043,10 | -1 241 997,84 |
| 3440 | Tilskudd TIA (tidl Fase 3) | -1 198 875,37 | 0,00 | -1 198 875,37 | -1 190 333,94 |
| 3450 | Tilskudd APS | -1 959 568,20 | 0,00 | -1 959 568,20 | 0,00 |
| 3460 | Tilskudd avklaring anbu | -6 926 386,00 | 0,00 | -6 926 386,00 | 0,00 |
| 3550 | Andre inntekter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -2 503,43 |
| ***Driftsinntekter*** | | ***-22 934 006,67*** | **0,00** | ***-22 934 006,67*** | **-20 093 700,35** |
| 3611 | Leieinnt. drifts.midl. avg.pl. | -13 500,00 | 0,00 | -13 500,00 | 0,00 |
| **Leieinntekter** | | **-13 500,00** | **0,00** | **-13 500,00** | **0,00** |
| 3900 | Annen driftsrelatert innt. fri | -29,06 | 0,00 | -29,06 | 0,00 |
| **Andre driftsinntekter** | | **-29,06** | **0,00** | **-29,06** | **0,00** |
| 4010 | Innkjøp råvarer / halvfabrikata | 1 667 538,21 | 0,00 | 1 667 538,21 | 957 285,45 |
| 4011 | Innkjøp prod. varer | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 103 985,80 |
| 4080 | Innkjøp embalasje | 44 521,53 | 0,00 | 44 521,53 | 27 531,32 |
| 4300 | Varekjøp kantine | 99 040,35 | 0,00 | 99 040,35 | 68 210,38 |
| 4500 | Fremmedytelse og underentrepr.L | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 96 401,40 |
| 4510 | *Leid Hjelp* | *33 941,00* | *0,00* | *33 941,00* | *0,00* |
| 4990 | Beh.endring råvarer/handelsvare | -36 284,88 | 0,00 | -36 284,88 | 31 075,00 |
| **Kjøp av materialer varer, fremmedytelser o.l.** | | **1 808 756,21** | **0,00** | **1 808 756,21** | **1 284 489,35** |
| 5000 | Lønn, variabel AGA, innb.pl. | 8 289 236,00 | 0,00 | 8 289 236,00 | 8 227 022,30 |
| 5010 | Timelønn | 3 267 737,04 | 0,00 | 3 267 737,04 | 0,00 |
| 5011 | 14 dgr lønn | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 3 317 251,70 |
| 5020 | Sykelønn | 281 417,70 | 0,00 | 281 417,70 | 197 348,00 |
| 5090 | Feriepenger | 1 445 253,60 | 0,00 | 1 445 253,60 | 0,00 |
| 5190 | påløpte feriepenger | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 1 389 260,86 |
| 5191 | Avsatt lønn daglig leder | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -42 201,00 |
| 5211 | Fri telefon oppgavepliktig | 35 136,00 | 0,00 | 35 136,00 | 29 339,38 |
| 5212 | Motkonto fri telefon | -35 136,00 | 0,00 | -35 136,00 | -29 339,38 |
| 5252 | Koll.ulykkesforsikring AGA, inn | 12 549,96 | 0,00 | 12 549,96 | 13 643,33 |
| 5253 | *Koll.ulykkesforsikring* | *12 042,00* | *0,00* | *12 042,00* | *12 308,00* |
| 5254 | Motkonto koll.ulykkesforsikring | -12 042,00 | 0,00 | -12 042,00 | -12 308,00 |
| 5280 | Annen fordel AGA innb.pl | 6 170,00 | 0,00 | 6 170,00 | 12 950,00 |
| 5281 | Reiseforsikring | 1 628,46 | 0,00 | 1 628,46 | 1 467,61 |
| 5330 | Godtgj. styre, b.f. AGA, innb.p | 120 000,00 | 0,00 | 120 000,00 | 120 000,00 |
| 5390 | Etterlønn | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 36 690,00 |
| 5400 | Arbeidsgiveravgift | 1 976 368,34 | 0,00 | 1 976 368,34 | 1 937 204,37 |
| 5410 | Avsatt arb.g.avg daglig leder | -36 859,00 | 0,00 | -36 859,00 | -5 950,00 |
| 5420 | Koll pensjonsforsikring | 427 712,79 | 0,00 | 427 712,79 | 432 699,77 |
| 5421 | Pensjonskostnad, oppgavepliktig | 286 380,04 | 0,00 | 286 380,04 | 432 699,75 |
| 5422 | Motkonto ytelsepensjon | -286 380,04 | 0,00 | -286 380,04 | -432 699,75 |
| 5510 | Medl avg BHT | 46 764,18 | 0,00 | 46 764,18 | 25 434,52 |
| 5515 | Innskuddspensjon | 135 596,78 | 0,00 | 135 596,78 | 107 216,87 |
| 5516 | Innskuddspensjon | 135 596,78 | 0,00 | 135 596,78 | 107 216,56 |
| 5517 | Motkonto innskuddspensjon | -135 596,78 | 0,00 | -135 596,78 | -107 216,56 |
| *5520* | *Oppl/utv.* | *27 195,00* | *0,00* | *27 195,00* | *25 707,00* |
| 5521 | Avtalefestet pensjon | 235 738,00 | 0,00 | 235 738,00 | 214 728,00 |
| 5522 | Avtalefestet pensjon | 228 231,00 | 0,00 | 228 231,00 | 0,00 |
| 5523 | Motkonto Avtalefestet pensjon | -228 231,00 | 0,00 | -228 231,00 | -159 450,00 |
| 5552 | Avtalefestet pensjon | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 159 450,00 |
| 5800 | Refusjon sykepenger | -49 833,00 | 0,00 | -49 833,00 | -132 098,00 |
| 5801 | Refusjon sykepenger | -49 833,00 | 0,00 | -49 833,00 | -132 098,00 |
| 5802 | Motkonto ref.sykepenger | 49 833,00 | 0,00 | 49 833,00 | 132 098,00 |
| 5820 | Refusjon arbeidsgiveravgift | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -120 761,00 |
| 5821 | Motkonto ref. arg.g.avgift | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 120 761,00 |
| 5920 | Yrkesskadeforsikring | 58 262,46 | 0,00 | 58 262,46 | 84 446,46 |
| 5930 | Andre sosiale utg | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 109 527,97 |
| 5990 | Etter og videreutd. | 19 987,50 | 0,00 | 19 987,50 | 3 900,00 |
| 5991 | Annen personalkostnad | 127 237,12 | 0,00 | 127 237,12 | 0,00 |
| **Personalkostnader** | | **16 392 162,93** | **0,00** | **16 392 162,93** | **16 076 249,76** |

| Kontonr. | Kontonavn | Inngående | Postering | Saldo 2014 | Saldo 2013 |
|---|---|---|---|---|---|
| 6000 | Avskr.bygninger/annen fast eien | 0,00 | 706 010,95 | 706 010,95 | 763 804,65 |
| 6100 | Frakt ved salg/sum 2008 | 12 091,00 | 0,00 | 12 091,00 | 47 916,00 |
| 6190 | Andre frakt-og transportkostna | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 600,00 |
| 6300 | Leie lokale | 2 400,00 | 0,00 | 2 400,00 | 0,00 |
| 6310 | Leie lokale | 709 267,46 | 0,00 | 709 267,46 | 675 797,45 |
| 6311 | Leie parkering | 15 375,00 | 0,00 | 15 375,00 | 15 000,00 |
| 6320 | Renovasjon, vann, avløp o.l. | 41 940,21 | 0,00 | 41 940,21 | 27 895,17 |
| 6340 | Lys, varme | 325 735,42 | 0,00 | 325 735,42 | 338 392,05 |
| 6360 | Renhold | 149 657,58 | 0,00 | 149 657,58 | 207 721,37 |
| 6391 | Felleskostn senterforr. | 68 063,26 | 0,00 | 68 063,26 | 55 758,09 |
| 6399 | Alarm abonnement | 2 874,00 | 0,00 | 2 874,00 | 4 621,40 |
| 6400 | Drift kantine | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 30,00 |
| 6410 | Leie inventar | 405,60 | 0,00 | 405,60 | 0,00 |
| 6415 | Leie frankeringm. | 6 559,25 | 0,00 | 6 559,25 | 1 973,00 |
| 6430 | Leie andre kontormaskiner | 8 108,00 | 0,00 | 8 108,00 | 9 728,84 |
| 6445 | Leie maskiner/utstyr | 22 235,20 | 0,00 | 22 235,20 | 0,00 |
| 6490 | Annen leie | 10 392,00 | 0,00 | 10 392,00 | 11 192,80 |
| 6500 | Verktøy/Utstyr | 510 239,22 | 0,00 | 510 239,22 | 625 518,46 |
| 6520 | Hjelpeverktøy | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 9 343,20 |
| 6540 | Inventar | 14 187,03 | 0,00 | 14 187,03 | 82 417,46 |
| 6550 | Driftsmateriale | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 847,08 |
| 6551 | Datautstyr | 387 147,00 | 0,00 | 387 147,00 | 0,00 |
| 6553 | Programvare årlig vedlikehold | 108 436,05 | 0,00 | 108 436,05 | 40 763,81 |
| 6570 | Arbeidsklær og verneutstyr | 53 241,11 | 0,00 | 53 241,11 | 24 279,04 |
| 6600 | Reparasjon og vedlikehold bygn. | 43 659,61 | 0,00 | 43 659,61 | 87 939,89 |
| 6620 | Reparasjon og vedlikeh. utstyr | 156 799,80 | 0,00 | 156 799,80 | 63 736,90 |
| 6700 | Revisjons- og regnskapshonorar | 62 000,00 | 0,00 | 62 000,00 | 51 000,00 |
| 6705 | Regnskapshonorar | 268 083,79 | 0,00 | 268 083,79 | 261 811,30 |
| 6710 | Konsulentarbeid | 26 699,30 | 0,00 | 26 699,30 | 53 681,40 |
| 6720 | Honorar økonom/jurid. | 19 432,00 | 0,00 | 19 432,00 | 55 491,40 |
| 6730 | Kvalitetssikring | 14 900,00 | 0,00 | 14 900,00 | 58 050,00 |
| 6800 | Kontorrekvisita | 100 027,84 | 0,00 | 100 027,84 | 83 812,00 |
| 6810 | Datautgifter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 61 847,20 |
| 6820 | Kopimaskin Trykksak | 44 313,00 | 0,00 | 44 313,00 | 65 063,00 |
| 6830 | Datakortet | 22 375,00 | 0,00 | 22 375,00 | 15 323,75 |
| 6840 | Aviser, tidsskrifter, bøker o.l | 14 595,72 | 0,00 | 14 595,72 | 15 165,75 |
| 6860 | Møte, kurs, oppdatering o.l. | 133 217,00 | 0,00 | 133 217,00 | 70 060,00 |
| 6870 | Lærligordning | 4 101,20 | 0,00 | 4 101,20 | 2 533,00 |
| 6900 | Telefon, datakomm. etc | 51 272,71 | 0,00 | 51 272,71 | 58 679,33 |
| 6905 | Mobiltelefon | 74 148,42 | 0,00 | 74 148,42 | 90 067,35 |
| 6940 | Porto | 13 621,64 | 0,00 | 13 621,64 | 31 525,58 |
| 7000 | Drivstoff | 16 423,77 | 0,00 | 16 423,77 | 13 393,76 |
| 7020 | Vedlikehold | 12 056,80 | 0,00 | 12 056,80 | 38 760,75 |
| 7040 | Forsikring og avgifter | 8 760,46 | 0,00 | 8 760,46 | 8 114,94 |
| 7100 | Bil-godtgjørelse oppgavepliktig | 203 265,95 | 0,00 | 203 265,95 | 178 414,05 |
| 7101 | Passasjertillegg | 5 455,20 | 0,00 | 5 455,20 | 0,00 |
| 7102 | Passasjertillegg | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 8 150,00 |
| 7140 | Reisekostnad, ikke oppgaveplikt | 79 831,00 | 0,00 | 79 831,00 | 13 746,60 |
| 7141 | Parkering, bom | 53 386,10 | 0,00 | 53 386,10 | 25 029,35 |
| 7150 | Diettkostnad, oppgavepliktig | 22 914,00 | 0,00 | 22 914,00 | 0,00 |
| 7310 | Annonser | 29 934,50 | 0,00 | 29 934,50 | 21 590,79 |
| 7320 | Reklamekostnad | 58 191,40 | 0,00 | 58 191,40 | 90 836,38 |
| 7321 | Markedsføring Knarvik S | 18 323,80 | 0,00 | 18 323,80 | 17 922,50 |
| 7400 | Kontingent, fradragsberettiget | 83 773,16 | 0,00 | 83 773,16 | 0,00 |
| 7410 | Kontingent, ikke fradragsber. | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 89 479,75 |
| 7430 | Gave, ikke fradragsberettiget | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 2 512,00 |
| 7500 | Forsikringspremie | 41 813,10 | 0,00 | 41 813,10 | 43 314,60 |
| 7550 | Servicekostnad | 14 720,00 | 0,00 | 14 720,00 | 38 030,00 |
| 7600 | Lisensavgift og royalties | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 425,00 |
| 7750 | Eiendoms- og festeavgift | 50 602,27 | 0,00 | 50 602,27 | 50 602,95 |
| 7770 | Bank- og kortgebyr | 5 822,85 | 0,00 | 5 822,85 | 6 288,72 |
| 7790 | Annen kostnad | 18 062,54 | 0,00 | 18 062,54 | 21 664,08 |
| 7791 | Annen kostnad | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 5 000,00 |
| **Andre driftskostnader** | | **4 220 938,32** | **706 010,95** | **4 926 949,27** | **4 742 663,94** |
| 8050 | Annen renteinntekt | -96 747,00 | 0,00 | -96 747,00 | -127 298,00 |
| **Finansinntekter** | | **-96 747,00** | **0,00** | **-96 747,00** | **-127 298,00** |
| 8150 | Annen rentekostnad | 1,00 | 0,00 | 1,00 | 0,00 |
| 8151 | Rentekostnad levrandører | 914,44 | 0,00 | 914,44 | 111,66 |

| Kontonr. | Kontonavn | Inngående | Postering | Saldo 2014 | Saldo 2013 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Finanskostnader** | | **915,44** | **0,00** | **915,44** | **111,66** |
| 8960 | Overføringer annen egenkapital | 0,00 | -84 501,12 | -84 501,12 | -1 882 516,36 |
| 8990 | Fremført udekket tap | 0,00 | -621 509,83 | -621 509,83 | 0,00 |
| 8999 | Udekket tap | 621 509,83 | 0,00 | 621 509,83 | 0,00 |
| **Disponering av årsresultat** | | **621 509,83** | **-706 010,95** | **-84 501,12** | **-1 882 516,36** |
| TOTAL | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -0,12 |

| | Bilagsnr | Dato | Debet | Kredit | Beløp | Anmerkning |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Avskrivninger** | | | | | | |
| Avslutning | 100000004 | 31/12/14 | 6000 | 1100 | 143 023,80 | Lineæravskrivning |
| Avslutning | 100000018 | 31/12/14 | 6000 | 1270 | 493 614,54 | Lineæravskrivning |
| Avslutning | 100000025 | 31/12/14 | 6000 | 1260 | 10 464,00 | Lineæravskrivning |
| Avslutning | 100000032 | 31/12/14 | 6000 | 1220 | 2 792,33 | Lineæravskrivning |
| Avslutning | 100000041 | 31/12/14 | 6000 | 1120 | 2 776,00 | Lineæravskrivning |
| Avslutning | 100000045 | 31/12/14 | 6000 | 1200 | 16 468,00 | Lineæravskrivning |
| Avslutning | 100000053 | 31/12/14 | 6000 | 1280 | 14 771,08 | Lineæravskrivning |
| Avslutning | 100000056 | 31/12/14 | 6000 | 1250 | 22 101,20 | Lineæravskrivning |
| **Avskrivninger** | | | | | **706 010,95** | |
| **Disponeringer** | | | | | | |
| Avslutning | 210000000 | 31122014 | 2080 | 8990 | 621 509,83 | Tilbakeført manuelt disponert |
| Avslutning | 210000001 | 31122014 | 2050 | 8960 | 84 501,12 | Fra annen opptjent EK |
| **Disponeringer** | | | | | **706 010,95** | |
| **Totalt alle posteringer** | | | | | **1 412 021,90** | |

**Tilleggsposteringene ovenfor er utført etter instruks fra selskapet.**

**Sted:** **Dato:** **Sign:**

**Dimensjon**

| | Ansk. kost IB | Tilgang i år | Avgang i år | Ansk. kost UB | Avskrevet IB | Årets avskr. | Årets nedskr. | Tilbakef. v. avgang | Bokført verdi UB | Herav oppskr. | Gevinst/ tap i år |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 4 Bygninger | 7 046 266 | 0 | 0 | 7 046 266 | 3 777 266 | 141 000 | 0 | 0 | 3 128 000 | 0 | 0 |
| 31 Bygninger | 53 731 | 0 | 0 | 53 731 | 6 002 | 1 075 | 0 | 0 | 46 654 | 0 | 0 |
| 40 Bygninger | 47 440 | 0 | 0 | 47 440 | 4 270 | 949 | 0 | 0 | 42 222 | 0 | 0 |
| Sum konto 1100 | 7 147 437 | 0 | 0 | 7 147 437 | 3 787 538 | 143 024 | 0 | 0 | 3 216 876 | 0 | 0 |
| 41 Bygningsmessige anlegg | 138 813 | 0 | 0 | 138 813 | 12 492 | 2 776 | 0 | 0 | 123 545 | 0 | 0 |
| Sum konto 1120 | 138 813 | 0 | 0 | 138 813 | 12 492 | 2 776 | 0 | 0 | 123 545 | 0 | 0 |
| 45 Maskiner | 82 340 | 0 | 0 | 82 340 | 59 010 | 16 468 | 0 | 0 | 6 862 | 0 | 0 |
| Sum konto 1200 | 82 340 | 0 | 0 | 82 340 | 59 010 | 16 468 | 0 | 0 | 6 862 | 0 | 0 |
| 27 Maskiner | 23 688 | 0 | 0 | 23 688 | 23 688 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum konto 1210 | 23 688 | 0 | 0 | 23 688 | 23 688 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 5 Kantine | 243 582 | 0 | 0 | 243 582 | 243 582 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 32 Kantine | 18 450 | 0 | 0 | 18 450 | 10 301 | 1 845 | 0 | 0 | 6 304 | 0 | 0 |
| 60 Kantine | 0 | 16 240 | 0 | 16 240 | 0 | 947 | 0 | 0 | 15 293 | 0 | 0 |
| Sum konto 1220 | 262 032 | 16 240 | 0 | 278 272 | 253 883 | 2 792 | 0 | 0 | 21 596 | 0 | 0 |
| 6 Varebil | 106 173 | 0 | 0 | 106 173 | 106 173 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 28 Personbiler | 195 546 | 0 | 0 | 195 546 | 195 546 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum konto 1230 | 301 719 | 0 | 0 | 301 719 | 301 719 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 44 Minibuss | 30 000 | 0 | 0 | 30 000 | 30 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum konto 1240 | 30 000 | 0 | 0 | 30 000 | 30 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 56 Investering i 2012 | 110 506 | 0 | 0 | 110 506 | 34 994 | 22 101 | 0 | 0 | 53 411 | 0 | 0 |
| Sum konto 1250 | 110 506 | 0 | 0 | 110 506 | 34 994 | 22 101 | 0 | 0 | 53 411 | 0 | 0 |
| 8 Varmepumpe | 23 000 | 0 | 0 | 23 000 | 23 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 25 Innkjøp i 2006 | 15 770 | 0 | 0 | 15 770 | 11 375 | 1 500 | 0 | 0 | 2 895 | 0 | 0 |
| 33 Fast inventar 2008 | 89 641 | 0 | 0 | 89 641 | 50 049 | 8 964 | 0 | 0 | 30 628 | 0 | 0 |
| Sum konto 1260 | 128 411 | 0 | 0 | 128 411 | 84 424 | 10 464 | 0 | 0 | 33 523 | 0 | 0 |
| 9 Okuma MX45 mask.senter | 790 000 | 0 | 0 | 790 000 | 790 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 10 Okuma LB10 | 90 000 | 0 | 0 | 90 000 | 90 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 11 Bianco sag | 110 000 | 0 | 0 | 110 000 | 110 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 12 Victor dreiebenk | 746 000 | 0 | 0 | 746 000 | 746 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 13 Sag | 32 000 | 0 | 0 | 32 000 | 32 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 14 Tilgang i 2002 | 159 324 | 0 | 0 | 159 324 | 159 324 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 15 Tilgang 2001 | 863 469 | 0 | 0 | 863 469 | 863 469 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 16 Tilgang 2003 | 219 914 | 0 | 0 | 219 914 | 219 914 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 17 Tilgang inventar | 56 896 | 0 | 0 | 56 896 | 56 896 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 18 Tilgang 2004 | 273 169 | 0 | 0 | 273 169 | 272 700 | 469 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | | Ansk. kost IB | Tilgang i år | Avgang i år | Ansk. kost UB | Avskrevet IB | Årets avskr. | Årets nedskr. | Tilbakef. v. avgang | Bokført verdi UB | Herav oppskr. | Gevinst/ tap i år |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 19 | Tilgang 2005 | 255 598 | 0 | 0 | 255 598 | 216 780 | 25 500 | 0 | 0 | 13 318 | 0 | 0 |
| 26 | Innkjøp i 2006 | 263 561 | 0 | 0 | 263 561 | 197 167 | 26 000 | 0 | 0 | 40 394 | 0 | 0 |
| 29 | Verktøy | 988 220 | 0 | 0 | 988 220 | 658 333 | 100 000 | 0 | 0 | 229 887 | 0 | 0 |
| 34 | Verktøy kjøpt 2008 | 373 500 | 0 | 0 | 373 500 | 211 650 | 37 350 | 0 | 0 | 124 500 | 0 | 0 |
| 35 | Verktøy kjøp 2008 | 871 500 | 0 | 0 | 871 500 | 486 588 | 87 150 | 0 | 0 | 297 763 | 0 | 0 |
| 36 | Verktøy 2008 | 1 096 000 | 0 | 0 | 1 096 000 | 593 667 | 109 600 | 0 | 0 | 392 733 | 0 | 0 |
| 37 | Verkøty 2008 | 454 265 | 0 | 0 | 454 265 | 253 629 | 45 426 | 0 | 0 | 155 211 | 0 | 0 |
| 42 | Verktøy | 171 034 | 0 | 0 | 171 034 | 76 965 | 17 103 | 0 | 0 | 76 965 | 0 | 0 |
| 47 | Maskiner | 52 051 | 0 | 0 | 52 051 | 18 652 | 5 205 | 0 | 0 | 28 194 | 0 | 0 |
| 54 | Investering i 2011 | 102 926 | 0 | 0 | 102 926 | 26 589 | 10 293 | 0 | 0 | 66 044 | 0 | 0 |
| 57 | Ivenstering i 2012 | 90 445 | 0 | 0 | 90 445 | 14 320 | 9 044 | 0 | 0 | 67 080 | 0 | 0 |
| 59 | Investert i 2013 | 16 474 | 0 | 0 | 16 474 | 1 922 | 3 295 | 0 | 0 | 11 257 | 0 | 0 |
| 61 | Verktøy | 0 | 187 410 | 0 | 187 410 | 0 | 17 179 | 0 | 0 | 170 231 | 0 | 0 |
| Sum konto 1270 | | 8 076 345 | 187 410 | 0 | 8 263 755 | 6 096 564 | 493 615 | 0 | 0 | 1 673 577 | 0 | 0 |
| 20 | Tilgang 2003 | 271 999 | 0 | 0 | 271 999 | 271 999 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 21 | Div datautstyr | 104 995 | 0 | 0 | 104 995 | 104 995 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 22 | Tilgang 2004 | 203 880 | 0 | 0 | 203 880 | 203 880 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 23 | Tilgang 2005 | 229 217 | 0 | 0 | 229 217 | 229 217 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 30 | Kontormaskiner | 105 957 | 0 | 0 | 105 957 | 105 957 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 38 | Kjøp 2008 | 142 984 | 0 | 0 | 142 984 | 142 984 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 39 | Kjøp 2008 | 66 717 | 0 | 0 | 66 717 | 66 717 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 43 | Kontormaskiner | 339 020 | 0 | 0 | 339 020 | 339 020 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 48 | Kontormaskiner | 80 841 | 0 | 0 | 80 841 | 80 841 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 53 | Investering i 2011 | 9 303 | 0 | 0 | 9 303 | 8 011 | 1 292 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 58 | Investering i 2012 | 40 437 | 0 | 0 | 40 437 | 21 342 | 13 479 | 0 | 0 | 5 616 | 0 | 0 |
| Sum konto 1280 | | 1 595 349 | 0 | 0 | 1 595 349 | 1 574 962 | 14 771 | 0 | 0 | 5 616 | 0 | 0 |
| **Sum avd.** | | **17 896 640** | **203 650** | **0** | **18 100 290** | **12 259 274** | **706 011** | **0** | **0** | **5 135 006** | **0** | **0** |
| **Sum alle driftsmidler** | | **17 896 640** | **203 650** | **0** | **18 100 290** | **12 259 274** | **706 011** | **0** | **0** | **5 135 006** | **0** | **0** |

# VEDTEKTER
# FOR
# NORDHORDLAND INDUSTRISERVICE a.s

§ 1

Selskapet sitt namn er **NORDHORDLAND INDUSTRISERVICE a.s.** Det har til formål gjennom produksjon og anna næringsverksemd å skapa grunnlag for sysselsetting og attføring av yrkeshemma.

Det primære vert attføring etter retningsliner frå Arbeidsdirektoratet.

§ 2

Selskapet har sitt forretningskontor i Radøy kommune.

§ 3

Selskapet sin aksjekapital er stor kr. 565.000,-, fordelt på 1130 aksjar à kr. 500,- lydande på namn.

Retten til å omsetja aksjane skal vera avgrensa slik at sal eller anna form for overdraging ikkje finn stad utan Generalforsamlinga si godkjenning.

Selskapet sitt overskot skal bli verande i verksemda og disponerast til formål som styrkjer framtidig drift.

§ 4

Selskapet skal leiast av eit styre på sju medlemer. Styremedlemene blir valde av Generalforsamlinga med ein valperiode på to år. Dette skal gjerast slik at fire er på val det eine året og tre på val det neste.

§ 5

Generalforsamlinga er selskapet sitt øvste styringsorgan. Røysterett på Generalforsamlinga har berre aksjeeigarar. Kvar aksje representerer ei røyst. Aksjonærar kan møta ved fullmektig. Desse skal ha skriftleg fullmakt som må godkjennast av Generalforsamlinga.
Dagleg leiar har plikt til å vera tilstades i Generalforsamlinga og har der rett til å uttale seg. Rett til å møte og uttale seg i Generalforsamlinga har styret sine representantar.

§ 6

Ordinær Generalforsamling skal haldast innan utgangen av juni månad. Ekstraordinær Generalforsamling blir halden når styret finn det naudsynt, eller når aksjeeigar som representerer minst 1/10 av aksjekapitalen krev det.

§ 7

Styret kallar inn til ordinær Generalforsamling skriftleg seinast to veker før Generalforsamling skal haldast. Aksjeeigarane skal varslast om tidspunkt for Generalforsamling seks veker før den skal haldast, slik at dei innan ein frist på tre veker kan melda saker dei ynskjer skal takast opp av den ordinære Generalforsamlinga.

Med innkallinga til ordinær Generalforsamling skal fylgje:

a) Sakliste
b) Årsmelding frå styret
c) Siste årsoppgjer som forutan årsmeldinga også skal innehalde resultat-rekneskap og balanse
d) Melding frå revisor
e) Styret sine planar og årsbudsjett
f) Andre spesifiserte saker som skal opp til behandling på General-forsamlinga

Med innkallinga til ekstraordinær Generalforsamling skal fylgje sakliste og ei orientering frå styret om grunnane for tillysing av møtet. Innkallinga må skje skriftleg seinast to veker før ekstraordinær Generalforsamling skal haldast.

§ 8

Før generalforsamlinga tar til, skal di framlagte fullmaktene godkjennast. Det skal veljast ein person som skal leia generalforsamlinga. Det skal veljast ein sekretær til å føra protokoll frå generalforsamlinga.

Til handsaming på ordinær Generalforsamling er dei sakene som er vedlagde innkallinga.

Generalforsamlinga skal dessutan handsame og avgjere:

a) Disponering av årsoverskot eller dekning av underskot i samsvar med den fastsette balanse.

b) Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under Generalforsamlinga.

Dernest skal der veljast:

c) Styremedlemer
d) Styreleiar og nestleiar for styret i selskapet
e) Revisor når fungerande revisor trer ut
f) Valnemnd på tre medlemer vald for tre år. Eit av medlemene skal stå på val kvart år. Ved første val vert medlemene vald for høvesvis 1, 2 og 3 år.

§ 9

Som Generalforsamlinga sitt vedtak gjeld det som meir enn 50% av røystene er avgitt for. Ved likt røystetal er framlegg ikkje vedtekne.

Vedtak om oppløysing av selskapet blir fatta på Generalforsamling der minst 75% av aksjekapitalen er representert.
Gyldig vedtak om oppløysing krev 2/3 fleirtal av dei møtande røystane, jfr. § 12.

§ 10

Styreleiaren skal leia styret si verksemd i samsvar med selskapet sine vedtekter. Styreleiaren kallar inn til styremøte når viktige saker gjer det naudsynt, eller når minst to av styremedlemene krev møte for handsaming av ei spesiell sak.

Eit styremøte er ikkje vedtaksført med mindre fleirtalet av medlemene deltek i møtet. Som styrevedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har røysta for. For at eit vedtak skal vera gyldig må minst 1/3 av samtlege styremedlemer ha stemt for vedtaket. Ved likt røystetal gjeld det som styreleiar - eller den som er oppnemnd til å leia styremøtet - har stemt for.

Ved styremøte skal der førast protokoll. Styret peiker ut to personar som er tilstades i møtet til å underskriva protokollen.

§ 11

Styret representerer selskapet mot omgjevnadene. Selskapet sin signatur har styreleiaren eller nestleiaren saman med eit styremedlem.

Styret kan melde prokura.
Styret tilset dagleg leiar, utformer stillingsinstruks og fastset lønsvilkår.

Forvaltninga av selskapet sine forhold høyrer under styret, som skal sørgje for ei tilfredsstillande organisering av selskapet si verksemd.

Styret har plikt til å kontrollera at forretningsmessig rekneskapsførsel og formuesforvaltning er underlagt skikkeleg kontroll.
Dagleg leiar skal sørgje for at selskapet si bokføring er i samsvar med lov og forskrifter, og at formuesforvaltninga er ordna på ein sikker måte.

Styret plikter å syte for forsvarleg assuranse av selskapet sine anleggsmidlar, varelager og eventuelle andre aktiva.

§ 12

Dersom det vert gjort vedtak om å oppløyse selskapet skal Generalforsamlinga velja eit avviklingsstyre. Dette avviklar selskapet, krev inn uteståande fordringar og betaler inn gjeld.

Resterande formue skal i samråd med og etter godkjenning av tilskotsinstitusjonane nyttast ved tiltak til beste for yrkeshemma.

§ 13

Elles gjeld aksjelova sine føresegner.

*******

Vedtektene for Nordhordland Arbeidssenter A/S vart vedtekne på Generalforsamling 7. mars 1980.

Endringar i desse vedtektene vart føreteke på Generalforsamling 27. februar 1990.

Nordhordland Arbeidssenter A/S skifta namn til:

**NORDHORDLAND INDUSTRISERVICE A/S** frå 1. januar 1992.

*******

Vedtektene slik dei her ligg føre vart godkjent av Generalforsamlinga 26. mai 2010 (sak 7).